




Frå besøket i Nitimen. Ruben Aksnes bak til venstre med elbassen.

**Ruben Aksnes er utvilsomt den uskedelingen som har vore oftast å høyre på radio denne våren og forsommeren. Han er nemleg bassisten på låten Talk talk talk talk som har vore ein gjengangar på ulike radiokanalar med artisten Conor Patrick og muskarane i The Shooting Tsar Orchestra. Dei har nemleg klart kunststykket å gjera ein låt som varer i heile 7 minutt til ein radio-hit! I tillegg til at den har vore mykje spela har dei også vore gjester i den populære programposten Nitimen på NRK.**

- At denne låta skulle bli en radiohit, uten refreng og oppunder syv minutter lang, skjønner vi ingenting av, men det føles bra!, har melodiskaparen, trønder-irske Conor Patrick, mellom anna uttala. Men så er det verkeleg eit nydeleg musikkverk!!

Dersom det skulle vera nokre som ikkje har høyrte låten Talk talk talk talk kan dei klikke [her](#), og verkeleg nyte dei 7 minuttane frå denne dyktige musikkjengen. I tillegg har dei mange andre godlåtår å by på!

Ruben, den midterste av dei tre musikalske Aksnes-brødrene, er svært aktiv og ettertrakta i det gode musikkmiljøet i Trondheim. Han spelar i mange ulike samanhengar. Rocke-trioen Jitney er velkjend, og dei har spelejobbar over heile landet, ja, også på festivalar utanlands.



Tre dyktige musikkbrødre: Ruben (t.v), Eirik(svært dyktig jazzgitarist med base i Stavanger) og Sindre, fotografert som publikum under aktivitetdagen i juni.

Av: Thor Inge Døssland